



NRKs
fleirkulturelle
ordliste

INNLEIING

I 1999 laga NRK Austlandssendinga den fyrste *Svartelista*, ein gjennomgang av ulike omgrep som media nyttar om innvandrarar og fleirkultur. Ho var meint å gjera oss medvitne om kva ord me brukar og korleis dei blir oppfatta.

Det er ingen skilnad på kva omgrep som medieinstitusjonar, organisasjonar og det offentlege bør nytta og kva omgrep som det er greitt å bruka privat; dersom éin person ønskjer å kalla seg «neger», er dette sjølv sagt heilt i orden. NRK skal likevel unngå å bruka ordet «neger» om heile grupper, av di det er mange som opplever ordet som støytande og ekskluderande.

Det er eit mål for NRK at språket vi brukar skal vera presist, forståeleg og inkluderande. Denne lista er ikkje ei samling av «politisk korrekte» omgrep men er eit forsøk på å samla omgrep som ein kan bruka og ha nytte av i det journalistiske arbeidet.

No i 2014 er svartelista revidert igjen, og er no utvida til å gjelde heile NRK. Lista har òg fått nytt namn: *NRKs fleirkulturelle ordliste*.

Thor Gjermund Eriksen
kringkastingssjef

Erik Bolstad
fung. språksjef

Dokumentet er vedteke av direktørmøtet i NRK, og gjeld for alle journalistane i NRK. Vi håpar at lista òg kan bli nytta av andre medieverksemdar og organisasjonar.

Vi har fått mange reaksjonar på lista, både positive og negative. Det set vi pris på. Det er ingen som eig språket, og språkutviklinga skjer gjennom ordskifte og engasjement.

Jens Christian Sundby (leiar for gruppa), Maria Abdli, Rima Iraki, Eli Bjelland og Erik Bolstad har revidert *Svartelista*. Vi har fått god hjelp av ymse friviljuge organisasjonar, religiøse samfunn, offentlege verksemdar, forskarar, NRKs språkkonulent Børge Nordbø og ei rekkje redaksjonar i NRK.

Generelt vil vi seia at vi ser på alle som er fødde og oppvaksne i Noreg som norske. Difor er det ikkje naudsynt å bruka særskilde ord og omgrep for å omtala «dei». I nokre samanhengar er det likevel naudsynt å seia noko om etnisk opphav eller kulturell bakgrunn. Ein kan nytta distansierende og generaliserande omgrep, eller ein kan nytta meir inkluderande uttrykk. Vi tilrår det siste.

GREIE OMGREP

- **ASYLSØKJAR** er eit juridisk omgrep som blir brukt om ein person som på eiga hand og umeld ber styresmaktene om å få status og vern som flyktning. Personen kallast asylsøkjjar fram til søknaden er avgjort.
- **ETNISK MINORITET.** «Etnisk» nyttast om (kulturelle) særtrekk ved ei folkegruppe, og «minoritet» er det same som «mindretal». Samane er til dømes både eit urfolk og ein etnisk minoritet i Noreg.
- **ETNISK NORSK** er ei grei nemning på fleirtalet av dei som bur i Noreg.
- **ETNISK/ETNISITET** viser ofte til nasjonalt opphav, men det kan vera ulike etniske grupper i ein nasjonalstat. Alle har eit etnisk opphav, også kvite nordmenn. «Kulturell/kultur/bakgrunn» kan vera synonym.
- **ETTERKOMAR (AV INNVANDRARAR).** Ein «etterkomar av...» er ein person som er fødd i Noreg av to foreldre som er fødte i utlandet. Nemninga kan nyttast i ei vidare tyding om folk som er fødte i utlandet, men som kom til Noreg i svært ung alder og som er oppvaksne her. Ein kan nytta «etterkomar» i staden for «andre- og tredjegerasjons innvandrar». Ein kan òg seia «nordmann med innvandrarbakgrunn».
- **FLEIRKULTURELL.** Omgrepet er nytta om folk som har bakgrunn frå fleire kulturar, til dømes born av innvandrarar, flyktningar eller foreldre med ulike etniske opphav. Ver gjerne meir presis; sei kva for kultur det er snakk om.
- **FLYKTNING.** Ein flyktning er ein person som har forlate heimlandet og som kan bli utsett for forfølgning eller alvorlege overgrep viss han eller ho fer attende dit. Dei som får opphaldsløyve på grunn av familieinnvandring, sterke menneskelege omsyn eller særleg tilknytning til riket, er ikkje flyktningar.
- **JØDISK NORDMANN** er ofte eit betre omgrep enn «norsk jøde».
- **MAJORITET, MINORITET OG MINORITETSBAGGRUNN.** Omgrepa minoritet og majoritet (mindretal og fleirtal) er nøkterne og føremålstenelege i mange samanhengar. Folk kan høyra til etniske, språklege og religiøse minoritetar eller majoritetar. Desse omgrepa er betre enn «innvandrar» og «utlandsk opphav», slik samfunnet er i dag. Bruk helst ikkje omgrepa utan at du er tydeleg på kva slag minoritet det er snakk om. Sei til dømes ikkje «barn med minoritetsbakgrunn», konkretiser i så fall kva minoritet det er snakk om (etnisk, religiøs, språkleg).
- **MUSLIMAR** er folk som har islam som religion. Det er eit nemne som bør nyttast på line med «kristen» når det er relevant å nemna religion. «Muslimske nordmenn» er eit nemne på muslimar som bur i Noreg. Sjå elles eige kapittel om islam og muslimar.
- **MUSLIMSK NORDMANN** er ofte eit betre omgrep enn «norsk muslim».
- **NORSK MED INNVANDRARFOR-ELDRE** er betre enn «andregenerasjonsinnvandrar».
- **NORSK STATSBOGAR** er eit juridisk omgrep med klar tyding i lovverket. Det bør berre brukast når statsborgarskap er relevant.
- **NORSK/NORDMANN.** Det å kjenna seg norsk er ei subjektiv vurdering. Dei som sjølve kjenner seg som ein del av den norske nasjonen er nordmenn, uavhengig av statsborgarskap. I eit mangfaldig samfunn har folk fleire identitetar. Ein kan vera norsk på mange måtar, og det er mange omgrep som speglar det. Sjå ver-varsam-punktet om bindestrekskombinasjonar som «norsk-pakistansk» og «norsk-vietnamesar».
- **NYKOMEN FLYKTNING/INNVANDRAR** er ei presis nemning på ein flyktning/innvandrar som nett er komen til Noreg.
- **OVERFØRINGSFLYKTNING** er eit meir dekkjande og presist omgrep enn «kvoteflyktning». Dette er flyktningar som er overførde frå eit fyrste asylland til Noreg. Dette er koordinert av SNs høgkommisær for flyktningar. Overføringsflyktningar skil seg frå asylsøkjjar med at dei ikkje bur i asylmottak fyrst, men får bustad i ein kommune når dei kjem.
- **ROM** er no den vanlegaste nemninga på dei som før vart kalla sigøynarar i Noreg. Det norske miljøet er delt; nokre ønskjer å bli kalla rom, andre vil bli kalla sigøynarar. Som hovudregel skal NRK bruka det omgrepet som intervjuobjektet/familien sjølv ønskjer å bruka. I tvilstilfelle brukar vi «rom». NRK skal ikkje bruka omgrepet «romfolk», bruk heller fleirtalsforma «romar» (/ro:mar/ med tonelag 2). Sjå elles kapittelet om sigøynarar, rom, taterar og romani.
- **ROMANI/TATER.** Romani er ei av nemningane på dei som før vart kalla «taterar» i Noreg. Det norske miljøet er delt; nokre vil bli kalla romani, andre vil bli kalla taterar. Som hovudregel skal NRK bruka det omgrepet som intervjuobjektet/familien sjølv ønskjer å bruka. Ordet «romani» er lite kjend og nytta i Noreg. I tvilstilfelle brukar vi «romani», men med «tater» som forklaring.

VER VARSAM

Dette er ord som kan vera greie å bruka, men som krev litt ekstra varsemd: Kva ønskjer du å seia? Er dette det rette ordet i denne konteksten?

- **«DET ... MILJØET».** Når ein brukar dette omgrepet om heile land/regionar («det afrikanske miljøet», «det somaliske miljøet»), lagar vi for store, ueinsarta grupper. Bruk heller ubestemte fleirtalsformer som «somaliske miljø», «afghanske miljø» osv.
- **FRAMANDFRYKT, FRAMAND-FIENDTLEG.** «Framand» skapar distanse, og omgrepa bør nyttast med varsemd. Bruk gjerne meir presise omgrep, viss mogeleg.
- **HEIMLANDET.** Kva som er «heime» er subjektivt. Når ein nyttar omgrepet «heimlandet», seier ein likevel noko om kor ein meiner at ein person høyrer heime. Å karakterisera Pakistan eller Somalia som heimlandet til etterkomarar av innvandrarar, er ikkje rett. Heimlandet deira er Noreg. Viss ein ønskjer å seia noko om røtene til ein etterkomar, er det rettare å seia «heimlandet til foreldra», eller «norsk med ... bakgrunn».

- **HUDFARGE.** Di mørkare ein person er i huden, di oftare nemner ein gjerne hudfarge. Kvittfarge vert svært sjeldan nemnt. Dette kan gje tildriv til eit bilete av mørkhuda personar som annleis, og nemningsbruken krev difor stor grad av medvit.
- **INNVANDRAR.** Statistisk sentralbyrå definerer ein innvandrar som ein «person fødd i utlandet av to utanlandsfødde foreldre og fire utanlandsfødde besteforeldre». Omgrepet «innvandrar» kan ikkje brukast om personar som er fødde i Noreg og som har norsk statsborgarskap. Vi tilrår mindre bruk av «innvandrar», av di det i dagleg-talen vert misbruka til å omfatta langt fleire enn dei som passar inn i definisjonen over.
- **MØRKHUDA, SVART, KVIT, BRUN** kan nyttast når det er teneleg å seia noko om korleis ein person ser ut så presist som mogeleg, til dømes i ei etterlysing. «Svart» er det beste omgrepet når vi til dømes snakkar om «USAs fyrste svarte president» eller «inntektsskilnader mellom svarte og kvite amerikanarar». På amerikansk engelsk vert omgrepet «afro-american» ofte nytta. Slike omgrep er lite nytta i norsk. *Hugs:* Folk frå Afrika skal kallast afrikanarar (på line med europearar). Bruk helst nasjonalitetsnamn som somaliar, kenyandar, namibiar.

- **NORSKE VERDIAR.** Omgrepet kan oppfattast slik at dette ikkje er verdiar hjå andre. Uttrykket «vestlege verdiar» vert stundom nytta på omtrent same vis. Verdiane det er snakk om er ofte verdiar som òg finst andre stader i verda. Bruken kan difor opplevast som diskriminerande.
- **NORSK-PAKISTANSK, NORSK-VI-ETNAMESISK O.A. BINDE-STREKSKOMBINASJONAR** er ein sakleg måte å omtala folk med samansett bakgrunn på. Det er vanlegast å bruka dette om norskfødde born av utanlandsfødde foreldre, men det er heller ikkje uvanleg at vaksne som har budd lenge i Noreg ser på seg sjølve som halvveges norske. Ver varsam når du brukar desse omgrepa, særleg når du set om frå engelsk. På engelsk er rekkjefølgda på nasjonalitetsnemna ofte tydings-skiljande (Chinese American). På norsk er det ikkje slik; norskvietnamesar, norskamerikanar og norsk kinesisk tyder det same som vietnamesisknorsk, amerikansknorsk og kinesisknorsk. Det er betre å seia «nordmann med pakistansk bakgrunn» enn «norsk-pakistandar».

- **PAPIRLAUS** kan brukast om ein person med uavklara/ukjend identitet og som ikkje har synt fram ID-dokument. Det er likevel mange med ukjend/uavklara identitet som har synt fram ID-dokument, og desse bør ikkje kallast papirlause.
- **SIGØYNAR** er eigentleg ikkje eit negativt lada ord på norsk, men i mange europeiske språk kan det vera særst nedsettjande. I Noreg er gruppa sjølv delt; nokre familiar ønskjer å bli kalla «rom», medan andre vil bli kalla «sigøynar». Dette skal NRK ha respekt for. Bruk «sigøynar» dersom du veit at personen/familien vil bli kalla det. I tvilstilfelle brukar vi «rom». Omgrep som «sigøynarmusikk» og «sigøynarkultur» er greie å bruka.
- **UTLENDING** bør berre nyttast om turistar og utanlandsfødde personar som ikkje har fast bustad i Noreg. Statistisk sentralbyrå opererer med ei grense for fast busetnad ved seks månader.
- **VESTLEG/IKKJE-VESTLEG** er upresise omgrep som ein bør unngå. Det varierer til dømes om Polen reknast som vestleg eller ikkje. Statistisk sentralbyrå har slutta å nytta omgrepa i norsk statistikk. Omgrepa bør sjeldan nyttast av journalistane i NRK.

BØR IKKJE BRUKAST

- **ANDRE-OG TREDJEGENERASJONS INNVANDRAR.** Den primære identiteten hjå nokon som er fødd og oppvaksen i Noreg er gjerne norsk. Difor blir det feil å kalla ein slik person for ein andre-generasjons innvandrar.
- **EKSOTISK.** Mange tenkjer at dette er eit positivt omgrep, men det er subjektivt og upresist. Ver meir konkret!
- **ETNISK OPPHAV** er eit meiningslaust omgrep. Vi har alle eit etnisk opphav.
- **FARGA/FARGERIK** er meiningslause omgrep når dei blir nytta om folk eller ei forsamling av folk.
- **FRAMANDKULTURELL, -SPRÅKLEG, -ARBEIDAR.** Desse omgrepa er negative av di dei blir brukte til å skapa distanse eller å ekskludera. I staden for «framandspråkleg» om born med eit anna morsmål enn norsk, skal ein bruka «fleirspråkleg». I staden for «asiatiske framandarbeidarar» bør ein bruka «asiatiske arbeidarar». Men: «Framandspråk» blir framleis nytta om val av undervisning i språk som tysk, spansk og fransk.
- **INNVANDRARMILJØ/-BEFOLKNING/-KVINNER** er upresise omgrep; bruk andre. Hugs at svenske kvinner busette i Noreg også er «innvandrankvinner».
- **KVOTEFLYKTNING** er ein overføringsflyktning (sjå eigen definisjon). Omgrepet «kvoteflyktning» er utdatert.
- **MULATT.** Ordet vert oppfatta som nedsetjande og ekskluderande og bør ikkje brukast.
- **MUSLIMSK UTSJÅNAD.** Muslimar i Noreg kjem frå mange ulike land og har svært ulik utsjånad. Ver meir presis.
- **NEGER.** Ordet vert ofte oppfatta nedsetjande og ekskluderande og bør ikkje brukast.
- **OMREISANDE, OMSTREIFAR, REISANDE** (for rom/romani) bør ein i norsk samanheng ikkje bruka; men i nokre høve, til dømes der me omtalar britiske romar (sigøyningar) som gjerne vil bli kalla «reisande», kan ein likevel nytta omgrepet.
- **POLITISK ASYL.** Bruk berre «asyl». Juridisk er det ikkje noko som heiter «politisk asyl». Det er behovet for vern som er det viktige, ikkje grunnen til at ein risikerer forfølgning.
- **ROMFOLK** er ein kunstig konstruksjon som kan oppfattast negativt. Omgrepet har oppstått av di mange har vore usikre på korleis ordet «rom» vert bøygd. Det er ikkje snakk om ei heilskapleg gruppe, men ulike folkegrupper. Bruk heller fleirtalsforma av ordet «rom» (ein rom - romen - romar - romane).
- **UTANLANDSK BAKGRUNN/OPPHAV/UTSJÅNAD.** Heilt upresist. Ver så konkret som mogeleg.
- **VÅRE NYE LANDSMENN** vert stort sett nytta ironisk og vert ikkje tilrådd.

ISLAM OG MUSLIMAR

Mange er usikre på omgrep knytte til islam. Difor har vi samla eit oversyn over ulike omgrep i dette kapitlet. **Det er heilt greitt å bruka dei fleste omgrepa som er nemnte her, men i somme tilfelle rår vi likevel til at ein nyttar nokre omgrep framfor andre.**

NRK omtalar religion berre når det er relevant for saka. Dersom du er usikker: Prøv å byta ut «muslim» med «kristen». Det er sjeldan relevant om ein bankranar er muslim – vurder relevansen i kvart tilfelle.

Ver også særleg merksam på nyansane og konnotasjonane knytte til dei ulike omgrepa. Det kan til dømes vera stor skilnad på å vera muslim og å vera islamist.

OMGREP KNYTTE TIL IDEOLOGI

Islamisme er ein politisk ideologi som har som mål at statar skal styrast etter islamske lover.

Islamistar er muslimar som arbeider for å innføra religiøst styre. Det er vanleg å skilja mellom **moderate islamistar**, som ønskjer at islamske grunnverdiar skal få større rom i samfunnet, og/eller som arbeider for å innføra religiøst styre gjennom val, og **militante/radikale/ekstreme/yttarleggående islamistar**, som er ei samlenemning nytta om ulike grupper av ekstreme islamistar som nyttar vald/ulovlege metodar for å nå måla sine. Spesifiser helst og bruk namnet på den militante gruppa, som Al Qaida, Taliban etc.

Hugs: Ein muslim treng ikkje vera ein islamist. Dei fleste muslimar er ikkje islamistar, men praktiserer religionen sin utan å ha ein politisk agenda.

Salafisme, wahabisme, fundamentalisme

Salafistar er svært konservative muslimar som ønskjer ei bokstavtru tolking av Koranen. Målet er å leva mest mogeleg i tråd med den opphavlege bodskapen i Koranen.

Wahabismen, som mellom anna finst i Saudi-Arabia, kan sjåast som ein del av salafismen. Dei fleste puritanske gruppene i den muslimske verda har tilknytning til salafismen, men dei treng ikkje vera knytte til wahabismen.

Omgrep som salafisme og wahabisme er lite kjende bland nordmenn. Difor vil det ofte vera nyttig å forklara omgrepa, til dømes med å bruka «fundamentalisme» om den bokstavtru tolkinga av Koranen.

MUSLIMAR

Dei fleste muslimane kallar seg berre for muslimar, og det er ofte vanskeleg å kategorisera dei som liberale eller konservative. Det avheng både av den einskilde og av konteksten, og ofte kan ein muslim ha både moderate og tradisjonelle syn.

Ein hende gong kan det likevel vera teneleg å nytta nemningar for religiøsitet, særleg om grupper og i vurderingar. Dersom ein kjem med eigne vurderingar, må ein ha god bakgrunnsinformasjon. Å vera for sharia kan innebera alt frå å prøva å vera eit godt menneske til å støtta pisking og steining. På det viset kan ein muslim vera både for og imot sharia.

Her er dei mest brukte definisjonane:

Konservative muslimar trur på ei tradisjonell tolking av Koranen. Mellom konservative muslimar kan det vera ulike tolkingar av Koranen.

Moderate/liberale muslimar legg vekt på religion, men står for ei friare tolking av Koranen.

Sekulære muslimar legg mindre vekt på religion i dagleglivet, på same viset som dei fleste kristne i Noreg.

Ateistar med muslimsk kulturbakgrunn bør kallast ateistar, ikkje liberale muslimar.

OMGREP KNYTTE TIL KRIG

Heilag krig nyttast ofte når ein snakkar om jihad, men omgrepet er upresist. Difor bør ein unngå det.

Jihad kjem frå arabisk og tyder «å streva». Jihad nyttast både om ein indre og ein ytre kamp, og femner alt frå sjølvdisiplinering og kamp mot fattigdom til krig på religiøst grunnlag.

Jihadistar er islamistar som brukar vald for å nå politisk-religiøse mål.

ANDRE OMGREP

Burka er ei oklelang, heildekkjande kvinnedrakt med hekla gitter framanfor augo, slik at det er mogeleg å sjå utan at ein sjølv vert sedd. Plagget er i all hovudsak nytta i Afghanistan og Pakistan. I Europa har burka ofte vore brukt som eit samnemne for alle kvinneplagg som dekkjer delar av andletet, men dette er feil. Burkaen er meir anonymiserande enn nikaben.

Chador er ei lang kappe (ytterplagg) som dekkjer håret og kroppen. Chadoren dekkjer normalt ikkje andletet, er open framme og vert halden saman med éi hand. Chadoren er mest nytta i Iran.

Fatwa er ei juridisk utsegn gjeven av ein religiøs ekspert. Vurderinga har ikkje domskraft, og ulike religiøse ekspertar kan gjeva motstridande fatwaar. I klassisk jus var fatwaen ei vurdering av lovteksten for eit saksområde, medan domaren dømte i saka etter prøvføring. I dag, når klassiske domstolar er utbytte med domstolar av vår eigen type, blir fatwaen nytta til to ting: Den eine er religiøs rådgjeving frå lærde i ikkje-juridiske spørsmål, til dømes tilmåting av ritual i nye situasjonar, til dømes korleis muslimar skal fasta under Ramadan i land med midnattssol. Den andre måten er i politiske utsegn utan juridisk grunnlag, bygd på autoriteten hjå ein religiøs leiar. Eit døme på dette er fatwaen som Khomeini gav mot Salman Rushdie.

Halal er arabisk for «tillaten». Det refererer til handlingar.

Haram er arabisk for «ikkje tillaten». Det refererer til handlingar.

Hijab er eit hovudplagg for muslimske kvinner. (Det kan òg brukast som ei samlenemning for sømelege, tildekkjande klede for muslimske kvinner og menn.) Hijab kan med fordel forklarast med «skaut».

Nikab er eit hovudplagg som dekkjer andletet heilt, bortsett frå augo.

SIGØYNER, ROM, TATER, ROMANI

Tidlegare har omgrepa «sigøynar» og «tatar» vore vanlege å bruka. I dei seinare åra er desse erstatta med «rom» for «sigøynar» og «romani» for «tatar». Det er likevel mange ulike meiningar og kjensler rundt bruken av desse orda.

Historisk har «sigøynar» på norsk ikkje vore eit negativt lada ord, og er det heller ikkje i dag. Noreg skil seg her frå mange andre land. Eitt døme er Tyskland, der ordet «sigøynar» gir assosiasjonar til nazismen og er bannlyst.

I Noreg ønskjer til mange i denne gruppa å bli kalla «sigøynarar», medan andre vil bli kalla «romar». NRK bør så langt det er mogleg retta seg etter desse ulike meiningane og bruka den nemninga personen/personane sjølv ønskjer. Det same gjeld når me snakkar/skriv om «tatarar» og «romani».

Omgrepet «romfolk», som ofte blir brukt i bestemt form, «romfolket», er misvisande, fordi dette ikkje er ei einskapleg gruppe, men ulike folkegrupper.

NRK skal ikkje bruka omgrepet «romfolk», men heller bruka fleirtalsforma av ordet «rom» (/ro:mar/, /ro:mane/ med tonelag 2).

Ordet skal ikkje uttalast som i «eitt rom», men med lang o; òg i bøyingane.

Nynorsk:

Ein rom – romen – romar – romane

Bokmål:

En rom – romen – romer – romene

KRIMINALJOURNALISTIKK

I kriminalsaker kjem vi ofte borti problemstillingar i samband med bakgrunn og identitet hjå gjerningsmannen. Vi bør fyrst spørja oss sjølve om dette er relevante opplysningar for saka, men det kan vera særst vanskeleg å ta stilling til slike ting på eit tidleg tidspunkt.

Samstundes må vi ikkje halda attende viktig informasjon av di vi er redde for å stigmatisera grupper. Vi veit at personar med annan kulturbakgrunn enn norsk er overrepresentert i delar av kriminalstatistikken, mellom anna i valdskriminalitet. Det kan skada truverd det vårt som nyhendeformidlar viss vi ikkje fortel kva bakgrunn gjerningsmannen og eventuelt offer har.

Målet er å fortelja mest mogeleg om sakene vi dekkjer, i nyhendesendingar og på nett.

Dersom vi vel å fortelja om nasjonalitet/bakgrunn, må dette gjelda folk med minoritetsbakgrunn på line med etnisk norske. Det kan få eit litt pussig preg dersom vi gjer dette i alle typar kriminalsaker, og difor har vi gjeve nokre køyrereglar:

VALDSKRIMINALITET

I alvorleg valdskriminalitet går vi ut med bakgrunnen til gjerningsmannen og eventuelt offer. (Med alvorleg valdskriminalitet meiner vi drap, valdtekt, grov mishandling og bruk av våpen.) Spør politiet om sambandet mellom offer og gjerningsmann. Dersom hendinga skjer i eit spesielt miljø, er det viktig å formidla dette, slik at folk vert roa av det. Det er òg relevant å fortelja om bakgrunn dersom ein drapsmann eller valdtektsmann er på frifot (sjå Etterlysingar).

ORGANISERT KRIMINALITET

I alvorlege narkotikasaker og annan organisert kriminalitet (til dømes menneskehandel, prostitusjon osv.) fortel vi òg kva bakgrunn gjerningsmennene har. Slike saker har ofte internasjonale forgreiningar.

ETTERLYSINGAR

NRK er varsame med å gå ut med namn og bilete i etterlysingar, sjølv om politiet ber om det. Når politiet mistenkjer ein namngjeven person for eit alvorleg brotsverk og etterlyser denne personen gjennom media, går vi vanlegvis ut med dette. **Ein redaktør skal alltid vurdere om vi går ut med namn/bilete.**

I etterlysingar er det viktig at vi går ut med så presist signalement som mogeleg. Be politiet om konkret informasjon om utsjånaden (høgde, hudfarge, hårfarge, klede) på gjerningsmannen. Ver varsam med å spekulera i kva geografisk område den etterlyste er frå viss politiet ikkje veit noko sikkert om dette. Om hudfarge kan vi seia lys, lysebrun, brun, svart osv. NRK brukar ikkje omgrep som «utanlandsk opphav» eller «utanlandsk utsjånad»; det er for upresist.

Elles vurderer vi kor relevant det er å gje opplysningar om opphav frå sak til sak.

VARSEMD

Vi skal korkje gøyma eller halda attende relevant informasjon. Målet vårt er å unngå feil og upresis informasjon som kan føra til at mange lovlydige vert stempla som kriminelle. Tenk òg på at gjerningsmenn med minoritetsbakgrunn kan vera fødde og oppvaksne i Noreg og dermed vera norske.

Noko du lurar på?

Kontakt spraksjef@nrk.no

**NRKs fleirkulturelle ordliste
finst i digital versjon på
<http://sprak.nrk.no/fleirkulturell>**

Utgjeve av Norsk rikskringkasting AS
i november 2014

ISBN:
978-82-7118-401-8 (Nynorsk)
978-82-7118-402-5 (Bokmål)

NRK, Bj. Bjørnsonsplass 1, 0340 Oslo
spraksjef@nrk.no

Opphavsrett NRK © 2014



**Teksten i dette heftet er frigjeve under ein
«Creative Commons – Namngjeving»-lisens.**
<http://creativecommons.org/licenses/by/3.0/no/>

NRK-logoen, designet og typografien er ikkje omfatta av lisensen.

Du kan dele, kopiere, endre og distribuere verket slik du sjølv ønskjer det.

Du må kreditere NRK dersom du bruker heile eller delar av lista.

Du kan gjere dette på einkvar rimeleg måte, men utan at
det kan forståast slik at NRK bifallar deg eller bruken din av lista.

